

Fra: Ivar Kåre Døssland[ivarkare.dossland@outlook.com]
Sendt: 21.01.2025 14:28:36
Til: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: Thea Vaage[thea.vaage@kvinnherad.kommune.no];
Wilhelm.skar@sweco.no[wilhelm.skar@sweco.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no];
Signe Toril Skogseth (@knett.no)[signe@knett.no];
Tittel: VS: Løesaka, UTKAST

Hei!

Ordføreren viser i E – Post, 20.01.2025 til at han ynskjer å svara på spørsmåla vi stilte varaordføreren i E- post, 14.01.2025.

Vi stilte spørsmåla til varaordførar, Thea Våge, då vi meinte ho var den rette til å svara for sine handlingar. Thea Våge skal, innan kort tid, tiltre i vikariat som ordførar i tre månader. Ein periode det ventleg vil skje ei utvikling i saka.

Vi ba og varaordførar om eit møte for å orientere om dei faktiske tilhøva, slik vi gjorde i møtet med Sweco. Spørsmålet står ubesvart, og vi ynskjer svar!

Ordføreren viser til at han han i dialog med Sweco tilbød seg å vera observatør/ sannhetsvitne under synfaringa. Kvifor tilbød ikkje ordføreren seg å ha den same rolla under Sweco sitt møte med nabo? Hjå oss har alle vore velkomne både i løe og bustadhus.

Ordføreren var godt kjent med at vi for tredje gong, var nekta å delta under tilsyn, for følgje med på om dei faktiske tilhøva vart avdekka.

Uviljen til å få avdekka og vurdert dei faktiske tilhøva, har vore den stor kjelda for mistilliten som er skapt i denne saka. Det er dette det store fleirtalet av politikarar ynskjer at Sweco skal ta tak i på ein måte som skaper tillit.

Tillet meg å nevne:

I kommunestyremøte, 31.11.2024, var eg tilstade som tilskodar:

Eg var då vitne til at Jostein Rødland stilte kritiske spørsmål til Synnøve Handeland sin rapport. Ein rapport med konklusjon: « det er berre takkonstruksjonen, som under tvil, er søknadspliktig»

Frå talarstolen, og med arrogant mine, viste ordføreren til at ein gjennom Synnøve Handeland sin rapport hadde fått saka inn på eit godt spør.

Få dagar etter tingar kommunedirektøt, i dialog med ordførar, uavhengig vurdering av saka for å skape tillit.

Vi forventar , som nevnt, eit møte med varaordførar for å orientere om dei faktiske tilhøva. Då er ordføreren og sjølv sagt og ynskt som deltakar.

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland

Fra: Vegard Bjørnevik <vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: mandag 20. januar 2025 14:02
Til: lvarkare.dossland@outlook.com
Kopi: Thea Vaage <thea.vaage@kvinnherad.kommune.no>; Skar, Wilhelm Holst <wilhelm.skar@sweco.no>; Post <post@kvinnherad.kommune.no>
Emne: SV: Løesaka

Hei, Ivar Kåre Døssland. Ordfører ynskjer og svare ut spørsmåla du har stilt varaordfører Thea Vaage

Fyrst vil eg presisere at varaordfører stilte på synfaringa for ordfører, då ordfører var dobbelbooka og ikkje hadde høve til å stilla. Ordfører hadde i dialog med Sweco tilbudt seg til å vera med som observatør, og det hadde Sweco og grunneigar takka ja til. Ordfører som kommunes øvste ombudsmann ynskja å vera med på synfaringa som eit sannhetsvitne. Ordfører var ikkje klar over at det var ønskeleg for de at ordfører stilte i dykkar møte og.

Ordfører tenker vegen vidare i denne saka går igjennom Sweco og deira opplegg. Dei ser for seg å komma til kommunestyret i Kvinnherad i februar for å orientera om vegen vidare, dei har fått i oppdrag å koma med ei uavhengig gjennomgang av saka.

Med helsing

Vegard Bjørnevik Ordfører

Mobil: +47 41465479 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no



Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Fra: Thea Vaage <thea.vaage@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: tirsdag 14. januar 2025 13:24
Til: Vegard Bjørnevik <vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Fwd: Løesaka

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Ivar Kåre Døssland <lvarkare.dossland@outlook.com>
Dato: 14. januar 2025 kl. 12:54:43 CET

Til: Thea Vaage <thea.vaage@kvinnherad.kommune.no
post@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Løesaka

Hei!

Sender eit notat vedk. aktivitet på Døssland, 09.01.2025, i samband med Løesaka. Hovuddokument ligg som fyrste vedlegg. Øvrige vedlegg ligg i rekkefylgja dei er nevnt i hovuddokumentet.

Med venleg helsing!

Ståle Døssland Richardsen, Ivar Kåre Døssland